

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.05.2021
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Carina Paulsen Mæland
SAKA GJELD: **Regional plan psykisk helse - 2020-2024- Løypemelding**

ARKIVSAK: 2019/8185
STYRESAK: **047/2021**

STYREMØTE: **16.06. 2021**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Saka gjeld orientering om framdrift av regional handlingsplan for psykisk helsevern for 2020-2024.

Handlingsplanen blei vedteke i styret 2.9.2020, og gjev eit oversyn over tiltaka som er prioritert i 2020-2021.

Planen gjev retning for utvikling av tenestene innan psykisk helsevern i helseføretaka og dei private aktørane i regionen.

Det overordna målet for tilbodet innan psykisk helsevern er å auke pasientane sin evne til eigenmestring og til å leve eit sjølvstendig liv.

Tiltaka i handlingsplanen skal sikre:

- tidleg avklaring og tidleg hjelp for pasientane
- medverknad, val og frivilligheit for pasientane
- gode pasientforløp
- høgast prioritet til barn og unge
- at tenestene tek i bruk og utvikler nye arenaer for tenesteyting

Tiltak i handlingsplanen:

Tiltak	Status / løypemelding
Felles mottak av tilvisingar til psykisk helsevern innan kvart sjukehus- eller DPS område	Det regionale prosjektet har starta opp. Det er etablert styringsgruppe og prosjektgruppe. Det regionale prosjektet skal være ferdigstilt innan utgangen av 2021. Helseføretaka har/skal etablere lokale prosjekt.
Revidere samarbeidsavtalar mellom lokalt helseføretak og alle private aktørar innan psykisk helsevern	Under revisjonen vil ein sjå tiltaket i samanheng med etablering av felles tilvisingsmottak
Utvikle samhandlingsforløp for barn og unge, etter modell av «Barn og unges helseteneste» i Helse Fonna	Helse Vest bidrar med regional koordinering og prosjektstøtte. Helse Fonna leier det regionale prosjektet. Helse Stavanger har gjennomført alle aktivitetar og har i lag med dei tilhørande kommunane ferdigstilt samhandlingsforløpa, og publisert nettsida. Helse Bergen har etablert tre prosjekt; Voss, Øyane og Bergen. Helse Førde er i prosess, og forventa ferdigstilt innan utgangen av 2021. Helse Bergen og Helse Førde publiserer nettside i juni 2021. Det er fokus på implementeringstiltak i alle føretaka.
Alle poliklinikkane for barn og unge skal ha samarbeidsordningar med kommunane for konsultasjon og gjensidig rettleiing, slik at barn og unge og familien deira får hjelp på rett stad.	<p>Alle helseføretak/privat ideelle har starta arbeidet med revisjon av eksisterande samarbeidsordningar med kommunane og behov for forbetring. Helsedirektoratet sitt arbeid med samhandlingsmodellar er ferdigstilt, og dei har tilrådd «Barn og unges helsetenester» som ein viktig modell for samarbeid. Arbeid med dette tiltaket blir knytta til utviklinga av samhandlingsforløp (jamfør forrige punkt)</p> <p>Et døme på samarbeidsordningar er Helse Fonna som har etablert prosjekt «FACT Ung» både ved BUPS og BUP-Haugesund. Tildelt forprosjektmidlar frå Statsforvaltaren i hhv. Vestland og Rogaland. Målgruppa for FACT Ung er 13 til 24 år, for ungdom med alvorlige utfordringar i dagliglivet. Eit slikt team skal i tillegg ha kompetanse på barnevern og familierapi.</p>
Sikre at pakkeforløpa blir innført og følgt opp	Arbeidet er i gang og blir følgt opp med jamleg kontakt med helseføretaka og private ideelle. Den regionale implementeringsgruppa har jamlege møter og utveksler erfaringar så lengje det er behov for det.

	Her har ein møtt på ulike utfordringar, mellom anna registrering og overgang til Dips Arena.
Utvikle fleire arbeidsretta tiltak som del av behandlingstilbodet, og ha særskilt merksemd på meistring for barn og unge i skule og arbeid	Helseføretaka og private ideelle har her ulike prosjekt gåande. Helse Bergen har etablert ordninga i alle DPS. Helse Fonna byggjar opp kompetanse på alle sine DPS, og har fleire prosjekt knytt til dette. Helse Stavanger har lenge hatt ein poliklinikk på Sola DPS som er i full drift.
Vidare utbreiing av eMeistring i regionen og til nye pasientgrupper, samt legge til rette for å ta i bruk videokonsultasjonar	Alle helseføretak og Solli DPS har no etablert eMeistring som eit behandlingstilbod. Det regionale prosjektet er leia av Helse Bergen og blir avslutta i mars 2022. Det er eit tett samarbeid om kompetanse, rettleiing og utvikling av einingane i regionen. Det er etablert eit interregionalt kompetansenettverk som blir leia av Helse Bergen. Dette for å sikre god kvalitet i behandlinga i heile landet. Det er og gitt midlar til eit prosjekt for å lage nye eMeistrings behandlingar, her arbeid og helse. Antall videokonsultasjonar har auka, frå 2500 1. tert 2020 til 7700 1. tert 2021 for vaksne. For barn og unge har talet gått ned, frå 3800 1. tert. 2020 til 2500 1. tert. 2021. BUP utviklinga vil bli følgt opp vidare.
Alle helseføretak bør tilby eit breitt behandlingstilbod til pasientar med psykoselidingar, jf. piloten i Helse Bergen om medikamentfri behandling.	Helse Vest og Helse Bergen bidreg med erfaringsoverføring til alle helseføretak. Planen er å gjennomføre ein kartlegging i alle DPS av behandlingstilbodet til pasientar med psykoselidingar i løpet av 2021. Som eksempel har Helse Fonna i alle DPS innført alle behandlingsmetodar som er anbefalt i nasjonal fagleg retningslinje for psykosebehandling, og etter pilot i Helse Bergen, manglar berre musikkterapi (det er i prosess).
Vidareutvikling av sikkerheitspsykiatrien i Helse Vest, herunder dimensjonering, samarbeid og kompetanseheving	Handlingsplan for sikkerheitspsykiatri blei vedteke i styret i Helse Vest i mars 2021. Det er i 2021 satt av 20 mill. til styrking av sikkerheitspsykiatrien. Deler av midlane er allereie betalt ut. Dei resterande blir fordelt etter behov og mål i planen. Som eksempel her har Helse Stavanger etablert ei lokal prosjektgruppe som skal jobbe med styrking av sikkerheitspsykiatrien.
Auke andel epikrisar sendt ut innan 1 og 7 dagar etter utskrivingsdato frå døgntil behandling	Andelen epikrisar sendt innan 1 dag er 52,4 % i 2021, og 89,4 % innan 7 døgn. Helse Bergen ligg på 74,2, % innan 1 døgn, medan dei andre føretaka ligg på mellom 34 og 36 %. Helseføretaka har etablert kontrollrutinar og arbeidsflyt i døgnavdelingar, og andelen er stigande dei siste tre åra. Tiltaket må bli følgt opp vidare.
Tentative timar skal reduserast	Helseføretaka jobbar målretta for å redusere tentative timar gjennom prosjektet «Vel heim». Helse Stavanger

	jobbar mellom anna med rapportem «Alle åpne kontakter» i Dips.
Reinnleggingar innan dag 5 skal reduserast	Helse Vest vil starte ein prosess saman med dei fire helseføretaka for å kartlegge reinnleggingar, og vurdere tiltak.